Kjenneteikn på høg digital kompetanse

- Læraren har tekniske dugleikar
- Læraren har digital danning
- Læraren er kjeldekritisk
- Læraren kan omarbeide, nytte og produsere kunnskap og informasjon gjennom digitale medium og utstyr
- Den digitale kompetansen støttar opp om den faglege og didaktiske kompetansen
- Læraren nyttar digitale verkty og hjelpemiddel medviten i undervisninga av fagdidaktiske og pedagogiske grunnar

Kjelde; *Kjenneteikn på kvalitet i vidaregåande opplæring. Vedlegg 1 til mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015*

Kvalitet i skulen

Mo og Øyrane vidaregåande skulen

Kjenneteikn på god klasseleing

- Læraren er medviten kor avgjerande relasjonen lærar-elev er, og tek ansvar for kvaliteten på denne relasjonen
- Læraren gjev tydlege beskjedar og instruksjonar
- Læraren gjev direkte instruksjonar om arbeidsinnsats, læringsmål og åtferd
- Læraren har etablert eit positivt klima og arbeidsro
- Læraren nyttar aktivt kognitive strategiar som støttande dialog, oppsummeringa, spørsmål og klargjering
- Læraren legg vekt på å utvikle elevane sine læringsstrategiar
- Undervisningahar ein tydeleg og god struktur. Læringsaktivitetane har markert start og slutt

Kjenneteikn på høg vurderingskompetanse

- Følger lov og rammeverk
- Arbeider med kompetansemål og vurderingskjenneteikn saman med elevane slik at dei veit kva dei skal kunne
- Legg til rette for at elevane kan ta aktive val av metode for korleis dei skal gå fram for å nå måla og vise måloppnåing
- Knyt saman vurderinga med læringsprosessen
- Aukar læringa gjennom vurdering
- Vurderer på ein måte som elevane opplever som rettvis
- Gjev grunngjeve tilbakemeldingar
- Gjev framovermeldingar– kva skal arbeidast vidare med
- Legg til rette for, og har stort fokus på eigenvurdering